

Ho slår an tonen!

Når nokon tek ordet eller første tonen i ei forsamling på Haramsøy er det stor sjanse for at det er **Olga Jenny Aksnes** som fører an. Det kostar henne ingenting. Det har ho frå mor si - Lina. Ho og mannen Torstein la grunnlaget for at Olga og dei åtte brørne hennar skulle bli trygge på seg sjølv.

Om nokon sette seg ned bak Vestre-orgelet i stova, flokka heile familien seg rundt orgelet og reinska strupene. Elleve stemmer fylte rommet så det dirra i veggene. Tonen frå siste samling hadde ikkje før stilna før det var tid for neste allsongstund.

– Det rare var at sjølv om eg voks opp i ein så stor flokk med brør - som var reine røvargutane innimellom - hadde vi det alltid godt. Brørne mine var ikkje ein gong redde for å seie positive ting til meg, fortel Olga. Sjølv har ho etter beste evne freista å overføre denne tryggleiken til sine seks ungar, som ho har fostra opp saman med mannen Karl. Ein kar Olga skildrar i rosande ordelag. Snill. Kjekk. Klok.

– Karl var ein utruleg kjekk sunnfjording. Eg var heldig som møtte han. Grei å leve saman med. Det var nok ikkje så enkelt å bu i hop med ei be-

stemt kvinne som meg, men føye seg slapp han å gjere. Han fekk vere seg sjølv han òg, minnast Olga. Lukkeleg for at dei fekk nesten 50 år saman.

Som pur ung 18-åring blei Olga med skipet «Brand III», som tilhøyrde Norges Kristelige Ungdomsforbund. Nordkapp, Danmark og Tyskland var blant stadene dei vitja. Saman med ei husmor på 19 år og kokka på 24 år tok dei seg av 50-60 sjøskulegutar så godt dei kunne.

– Seinare vart eg med «Eliesser II» til torskefisket i Lofoten, og deretter til Ofoten, Vesterålen og nedover til Trøndelag igjen. Vi hadde sjukehus om bord, så vi kunne hjelpe dei som var sjuke blant fiskarane. Eg spela ofte salmar på orgelet om bord. Og Bach. Eg spela Bach så det kosta etter. Skipperen tykte det var frykteleg ugodleg. Men då eg spurde han om han visste kva som spenner over det Bach har skrivne, vart han stum. Det er nærtig «Gud alene æren», fortel Olga med et kvikt blikk. Ingen tvil om at «myndig, men snill»-karakteristikken høver godt på haramsøykvinnna.

– Eg er uredd, ja, men òg eit angstmenneske. Redd for det ukjente. Utan at det plagar meg så veldig i kvardagen. Du kan vel seie at eg er ein sangvinikar. Eg er snar til å reagere

på noko fint som skjer, noko eg vert glad for. Som når eg høyrer fin musikk, skildrar Olga. Ho legg mykje i det å vere seg sjølv. Bønt fram. Olga hevdar at folk

d har prøvd å endre henne, men ho har halde fast.

– Eg er den eg er. Det er ikkje mogleg å vere eit feilfritt menneske. Eg ønskjer derimot å vere eit levande menneske. Eg trur folk her ute på øyane opplever meg som det. Det kjennerest slik ut. Berre ta eit besøk eg hadde på aldersheimen her ein dag. Bebuarane der kvikna opp og skein som sola då dei fekk besøk. Og då vart eg òg glad. Det er denne gjensidige gleda eg har slik sans for, uttalar Olga. Som ikkje har eit godt lag berre blant dei eldre. Ho har òg eit eige grep om born og unge. Enten det er tøffe 16-åringar ho har bedt om å hjelpe til på basar, eller nyfikne smårollingar på barneforeiningane ho har leia.

– Den rikaste tida mi har eg fått hatt på barneforeiningane. I staden for å drive einvegskjøring, sleppte eg ungane til, og let dei fortelje om saker og ting. Det snåle var at ungane aldri av kvarandre - uansett. Dei sat stille og lytta til den som snakka. Det var det som var så artig, legg Olga til. Som i tillegg til foreiningar for born, har leia både pensjonistforeining og sjømannsforeining. Ho



Olga Jenny Aksnes frå Haramsøy fyller 85 år i morgen, søndag 16. november.
(Foto: Randi H. Longva)

har vore reiseleiar både lokalt og på lengre turar. Passar godt for ei dame som er glad i å pratte. Sjølv om ho hevdar at ho prøver å halde seg innanfor grensene.

– Nei, det er ikkje fordi eg er redd for kva andre skal tru om meg. Det er ikkje mi sak å bry meg om det. Eg meiner det er

viktig å lære seg kunsten å leve. Ein må vere slik at sanninga gjer ein fri. Ikkje leve på ei løgn. Vitsen med å leve - og den store utfordringa for menneska - er å lære å tolle kvarandre. Det er ein livskunst, legg Olga til.

Randi H. Longva